

Lindås kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann/ Byrådsleiar

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato:
6.11.2017

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar. Busetting er det første skrittet i integreringsprosessen i kommunen. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) takkar Lindås kommune for innsatsen i dette arbeidet.

No ber vi Lindås kommune om å busette 20 flyktningar i 2018. Av desse, ber vi om at 2 plassar vert atterhaldt til einslege mindreårige under 15 år, og Bufetat disponerer desse. Vi ber om fleksibilitet i fordelinga av plassar til einslege mindreårige over/under 15 år dersom alderssamansetninga i denne gruppa endrar seg.

Frist for å svare på oppmodinga er 6. januar 2018.

Kommunen må sende vedtaket sitt til post@imdi.no med kopi til nina.gran@ks.no og samstundes registrere det i IMDi sitt fagsystem for busetting. For tilgang til fagsystemet og meir informasjon om planlegging og busetting, sjå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>

Vi oppfordrar kommunane til å fatte presise vedtak for det talet på flyktningar som kommunen skal busette. Vedtaket skal ikkje inkludere familiesameinte eller ha andre atterhald.

Bakgrunn for tala

Dei siste prognosane viser at behovet for busetting i 2018 vil vere rundt 4 400 flyktningar, inkludert 150 einslege mindreårige. Årsaka til redusert behov for busetting er at færre søker asyl i Noreg.

Det betyr at om lag halvparten av kommunane som har busett flyktningar dei siste åra, vert oppmoda om å busette flyktningar i 2018. Kommunane som vert oppmoda vert beden om å busette langt færre enn tidlegare.

Både statleg og kommunal sektor er samd om at det skal takast utgangspunkt i nokre felles kriterium ved vurdering av fordeling av flyktningar for 2018. Desse kriteria inkluderer innbyggartal, sysselsettingsnivå og resultat i introduksjonsprogrammet over tid.

Kontakt

Ta kontakt med IMDi Vest dersom dykk ynskjer dialog om oppmodinga og busetting av flyktingar. Vi deltar gjerne på møte med kommunen, i samarbeid med andre statlege aktørar på feltet.

Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Ohene Aboagye
regiondirektør

Dokumentet er godkjend elektronisk og treng difor ikkje signatur.